

Referat frå programstyremøte for tyskfaget

Onsdag 18.01.17, 301 HF-bygget

Til stade: Torgeir Skorgen, Åsta Haukås, Sarah Leske (studentrepresentant), Kjetil Berg Henjum, Sissel Ågot Lægreid, Veronika Hamann og Ingvild Nilssen (referent).

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Sakslista og innkallinga vart godkjent.

2. Nye lektoremne

Under gjennomgangen av dei nye emna vart det åtvart mot å lage «amputerte emne».

Lektorstudentane skal ha eit eige kurs, med eige opplegg. Spørsmålet vart stilt om dei må lære seg like mykje som dei som tar 15 stp., medan dei får utteljing berre for 10 stp.

Forslag vart fremja om at ein ved eit seinare høve gjer om alle emna på masteren til å vere på 10 stp. slik at dei passar betre for lektorstudentane. Grunna ressursituasjonen er det ikkje høve til å tilby ulike læringsutbyte i noko særleg grad. Om ein legg om til 6 emne på 10 poeng på master (som på SPLA) slipp ein truleg unna med eit fellesemne på 10 stp. med HF2018.

Vedtak:

TYS308L – vedteke med endringane som kom fram i møtet (sjå vedlegg).

TYS311L - vedteke med endringane som kom fram i møtet (sjå vedlegg).

TSK318L – vedteke med endringane som kom fram i møtet (sjå vedlegg).

TYS319L – vedteke med endringane som kom fram i møtet (sjå vedlegg).

3. Forslag til studieplanendringar

TYS111:

- Vurderingsform: Det vart vedteke å fjerne setning om eksamensavvikling etter Kiel-turen

TYS114:

- Vurderingsform: Det vart vedteke å endre vurderingsforma tilbake til heimeeksamen.
- Obligatoriske undervisningsaktivitetar: Reduksjon frå tre til to skriftlege øvingsoppgåver og frå to til ein munnleg presentasjon.

TYS124:

- Undervising og omfang: endra til to eller tre dobbeltimar og redusert frå ti til åtte veker.
- Vurderingsform: Det vart vedteke å endre vurderingsforma tilbake til heimeeksamen.

- Obligatoriske undervisningsaktivitetar: Reduksjon frå to til ei skriftleg øvingsoppgåve og frå to til ein munnleg presentasjon.

4. Evalueringsplan for tyskfaget i 2017

Evalueringsplan for tyskfaget i 2017 vart fastsett

5. Masterdag

Tyskmiljøet vil halde *masterseminar* for dei som skriv master no og *masterdag* i mars i veke 12 i samband med masterveke 2017 for studentar på 200-nivå. Forslag om onsdag 8. februar for masterseminar frå 10.00 og utover.

6. Eventuelt:

Det vert informasjonsmøte om Kiel i neste veke.